



## ÅRSMELDING 2014

Ved oppstarten av 2014 kom formalitetene knytt til grunnbemanninga ved SSIKT på plass og personale vart tilsett.

Driftssenteret har 3 årsverk bestående av 2 halve og 2 heile stillingar:

Leiar 50%, konsulent 50%, konsulent 100% og Prosjektleiar 100%. I tillegg er det eit frikjøp innanfor Gerica og meldingsutveksling på 40%, og eit liknande frikjøp innanfor Arkiv/WEB på 20%. Samstundes har prosjektleiaren vore frikjøpt frå oss til NHN i 20% stilling.

Året har vore prega av at det ved oppstart ikkje var godt nok avklart kva oppgåver som skal utførast lokalt i den enkelte kommune, og kva oppgåver som er spesifikke for SSIKT, og kven som har mynde til å prioritere oppgåver framfor andre. Oppgåver og framdriftsplanar ein var samd om, fekk likevel ikkje forventta framdrift mot SSIKT, grunna andre oppgåver knytt til kommunale oppgåver. Spørsmål omkring organisering og oppgåvefordeling, er difor påtrengande å få avklart i 2015.

Strategigruppa skal lage strategi og kome med planar og oppgåver til driftssenteret. Dette året har det vore motsett veg; der driftssenteret har kome med saker til strategigruppa. Samansetninga av strategigruppa har siste året hatt eit fleirtal av IT-leiarar, og det har vore mest driftsrelaterte saker. Gruppa må få ei samansetning som speglar heile organisasjonen og må ha god forankring og autoritet inn i kvar kommune.

Det har vidare vore eit særst travelt år i driftssenteret med ferdigstilling av nytt datarom, montering og driftssetting av mykje nytt utstyr, migreringsarbeid og flytting av applikasjonar frå kommunane og inn i driftssenteret samt oppstart av databaseprosjekt Gerica. Driftspersonalet har utført oppgåvene på ein særst god måte og med ekstraordinær arbeidsinnsats trass i vanskelege kontorlokalitetar. Lokala for driftsseteret skal tilpassast og byggast om våren 2015.

## Innbyggjarportal

Alle kommunane med unntak av Ørsta kommune var i drift med portalen i 2014.

Helga Bøe-Grimstad er valt som koordinator i gruppa.

Arbeidsfelt til koordinatoren:

- innkalling til møte
- referat frå møte
- kommunikasjon mot leverandørar av skjema, digital post o.l.
- overordna korrespondanse mot Acos
- hjelp til andre kommuner (teknisk)

Webgruppa har hatt seks møter i løpet av 2014. Eit av desse var nettmøte med Acos der vi fekk ta opp utfordringar vi har med portalen og der dei gjekk gjennom litt tips og triks som dei syns er viktig for oss å vite.

Sande kommune kom med i webgruppa. Sjølv om dei ikkje har same løysing som oss andre, er informasjonen ut til kundane den same.

Fleirtalet i webgruppa ynskjer å vere mest muleg lik og at tilbod frå eksterne vert etterspurt samla.

Viktige saker det vart jobba med:

- Beredskapsside
- LOS struktur vart nedlagt sentralt og vi må få dette til å fungere på våre portalen.
- Nye kvalitetskriterier

## Gerica og meldingsutveksling:

Mottak av basismeldingar frå sjukehusa sidan hausten 2012, med gode rutinar og lite feil, gjorde at Helseføretaket ( HF ) valde ut Søre Sunnmøre som pilotkommunar for elektronisk samhandling med sjukehusa. Andre pilotkommunar var Kristiansund, Fræna og Ålesund. Felles rutinar vart laga, og vi gjekk i drift frå mars 2014. Våre rutinar, teknisk oppsett og erfaringar, var viktige i vidare utrulling av elektronisk samhandling i dei andre kommunane i fylket i løpet av året. Overvaking av meldingar på døgnbasis vart mulig frå 1.april, då driftssenteret etablerte fast døgnberedskap. Meldingsskjermer er tildelt kvar kommune for enklare kontroll.

Godt innarbeidde rutinar for meldingskontroll og oversikt, samt kunnskap ved driftssenteret for feilsøking og fagbistand, har ført til god dialog mellom kommunar og sjukehus i samhandling ved sjukehusopphald. Søre Sunnmøre har fått gode tilbakemeldingar på kvalitet, innhald og god driftsstabilitet.

Ut frå etablerte rutinar med sjukehus tok ein i bruk elektroniske meldingar for dialog med legekontora i Hareid, Sande, Ulstein og Vanylven våren 2014, og før jul også i Volda og Ørsta. På grunn av leveransevanskar ( pga skifte av legeprogram),vart det ikkje etablert samhandling med legekontora i Herøy. Dette er planlagt i 2015.

## Felles database Gerica

Prosjektet starta våren 2014, og fekk tildelt kr 600 000,- i skjønnstilskot frå Fylkesmannen. Mandat og styringsgruppe vart utpeika i august, og prosjektet har hatt god driv og framdrift gjennom året. I november gjekk ein over i fyrste driftsfase og prosjektet skal vere ferdig innan utgangen av 2015. Det er god og jamn innsats frå alle kommunar for å få dette til. Sjå eigen prosjektplan og rapport.

## HsPro og Vismalink

Dette er dataprogram for helsestasjonstenesta i Hareid, Ulstein, Ørsta, Volda og Vanylven, samt meldingstenar for elektroniske meldingar. Også 2014 vart prega av manglar og feil ved programmet, og manglande funksjonar i høve til å ta i bruk elektroniske meldingar i dialog med sjukehus og legekantor. Driftssenter og helsestasjonsgruppa har hatt fleire møter med

leverandør. Ein del feil og manglar er retta, samt at vi har fått redusert årleg lisens. Vi ser at det er viktig å vere tett på leverandør og følgje opp om leveranse er i samsvar med signert kontrakt. Nasjonalt vert det purra på å få byrje dialogmeldingar med sjukehus og legar, og vi vonar dette stiller større krav til leverandør for å tilpasse programvaren for dette.

## Familia – Felles barnevernkontor

Felles barnevernkontor for 4 kommunar vart vedteke i 2013. Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta vart samde om å etablere eit felles samlokalisert barnevernkontor i Volda med Volda som vertskommune. Det har trekt ut i tid med samlokaliseringa grunna bygging av nytt rådhus i Volda etter brann, men i april 2015 skal ting være på plass. Applikasjonsleveringa av Familia har vore på plass lenge og Familia-databasene for alle deltakarkommunane er samanslått og ligg i driftssenteret.

## Sikker print (SafeCom)

Det har vore relativt lite utvikling når det gjeld utrullinga av sikker print. Hareid er oppe og går over heile fjøla. Dei andre kommunane har vedtatt innføring men har kome noko ulikt med omsyn til implementering. Ein ser no at SmartScan (skanning av dokument) har blitt stadig meir etterspurd og det lagar litt krøll grunna at SmartScan i SafeCom har fungert dårleg med enkelte av maskinleverandørane. Dette ser imidlertid ut til å ordne seg i 2015.

## To-faktor autentisering

Løysinga er i si heilheit installert og drifta frå driftssenteret

Hareid starta testing av to-faktor autentisering ved pålogging til citrix i sikker sone i 2013. Løysinga fungerer anten ved bruk av token, SMS eller app på smartmobil. Løysinga er no rulla ut på brei front med over 500 brukarar i alle kommunane. Tilbakemeldingane har vore særers positive.

All ekstern pålogging til citrix-miljøet i SSIKT skal no skje på denne måten.

## Sharepoint

Sharepoint-løysinga har ikkje blitt vidareutvikla utanfor IT-miljøet foreløpig. Om dette skjer i 2015 eller 2016 er usikkert.

## Grunnmur

Prosjekt med felles katalog (felles AD) vart oppstarta i Q3 2013. Det vart bestemt at Hareid og Ulstein skulle være «prøvekaninar». Ved årsskiftet var det ikkje store endringar i dette bortsett frå at dei fleste it-folka var migrerte. Dei fleste av kommunane har gjennomført arbeidet med å tilpasse eigen AD til migreringa. Dette er har vore omfattande arbeid for IT-avdelingane, og dei er difor komne noko ulikt med dette. Det er imidlertid ikkje til å legge

skjul på at driftssenteret ikkje er fornøgde med den progresjonen dette prosjektet har hatt. Vi er sjølvsagt klar over at enkelte av kommunane har hatt særskilte problem å slite med. Denne unntakstilstanden reknar vi no med er over og då MÅ dette arbeidet får 1. prioritet! Flytting av ytterlegare tenester inn i SSIKT er i stor grad avhengig av at migreringsarbeidet er gjort.

I løpet av året vart den systemtekniske «grunnmuren» i SSIKT sitt datasenter nesten ferdigbygd. Det manglar framleis noko, som t.d. redundans på enkelte komponentar, men dette skal på plass i løpet av 2015.

Grunnmuren består mellom anna av:

Kva	Kvifor	Kven brukar
Fysiske serverar	Uansett kor mykje skyteknologi ein nyttar, kjem du til slutt ned på eit fysisk lag. Dette er datamaskinene som faktisk gjer alle kalkulasjonane i driftssenteret.	(intern)
Lagringsløyising (SAN)	Alle data vert til sjuande og sist lagra her.	(intern)
Autentiseringstenester (RADIUS)	Påloggingshandsaming på ytstyr som ikkje støttar AD, t.d. nettverksutstyr.	HA, UL
Sertifikattenester (CA)	Intern utsteding av SSL-sertifikat for kryptering av internttrafikk.	(intern)
Databaser	Lagring av data frå ymse system. Ei database per sone (standard, sikker, rot).	Alle (i større og mindre grad)
Katalogtenester (AD)	Ein, felles katalog med alle ressursar i er ein av grunnsteinane i eit kvart, stort nettverk.	Alle (i større og mindre grad)
Namnetenester (DNS)	Oversetjing frå namn til IP-adresse.	Alle (vert tatt i bruk etter kvart som PC-ar vert migrert til SSIKT).
Utrulling av operativsystem	Enkel reinstallerings av operativsystem (Windows) over nettverk.	HA, HE, UL
IP-adresseringstenester (DHCP)	Automatisk utdeling av IP-adresser i så store nett er heilt essensielt.	HA, HE, SA, UL, VA
Utskriftstenester	Alle skrivarar, både vanlege og dei som har «sikker print», har ein kø i driftssenteret der utskriftsjobbar kan sendast til.	Alle (i større og mindre grad)
Hjelp-til-sjølvhjelp (Heimkok)	Mange oppgåver kan automatiserast eller delegerast vekk frå IT og ut til fagetatane.	Alle (i større og mindre grad)
Windows Update-tenester	Intern teneste for utrulling av Windows Updates. Gir større kontroll enn henting direkte frå Internett.	Alle (vert tatt i bruk etter kvart som PC-ar vert migrert til SSIKT).
Filttenester	Lagring av filer. Eit cluster per sone (standard, sikker, elev).	HA, HE, SA, UL
E-postsystem (Exchange)	E-post, kalender m.m.	Alle som er migrert.

I tillegg er nettverket (svitsjing, ruting, brannmur) i datasenteret totalt redesigna og bygt opp på nytt med nytt utstyr. Her har vi tenkt heilt nytt kontra det som er «normalen» i kommunal samanheng, og andre IKT-samarbeid har allereie vist stor interesse for våre modellar. Vi ser

også at det nye opplegget gir oss ei heilt anna grad av tryggleik og kontroll, men dette vil ikkje slå ut for fullt før medlemskommunane tek i bruk SSIKT sin Internettaksess.

## Applikasjonsleveranse

Heilt sidan SSIKT byrja å levere tenester, har det blitt gjort i form av publiserte applikasjonar frå ei Citrix-løysing. I 2014 vart denne løysinga, som var aldrande, byta ut med ei topp moderne Citrix XenDesktop-løysing. I den nye løysinga er heile infrastrukturen for levering av applikasjonar samla i eitt system, og vi har også tatt i bruk ein del ny teknologi. Mellom anna er SSIKT blant dei første i verda til å setje system med delbare grafikkort (fleire brukarar delar eitt grafikkort i vertsmaskina) i produksjon.

## ePhorte

På slutten av året vart det kommunisert ut at driftssenteret kan ta i mot ePhorte-installasjonen frå kommunane. Per i dag har Hareid, Sande og Ulstein nytta seg av dette.

## Kartsystem

Eit større, interkommunalt prosjekt for samordning av kartdata er på trappene. Som ei forfase til dette er det etablert ei løysing med ein felles, interkommunal GISLine-server i driftssenteret.

## Mindre fagsystem

I 2014 vart det kommunisert ut at alle medlemskommunar, som var ferdig migrerte, som hadde mindre fagsystem (t.d. barnehageopptak, PPT etc) dei ønskte å flytte til driftssenteret kunne gjere dette. Hareid, Herøy, Sande og Ulstein har nytta seg av dette, og flytta inn mange av dei mindre tunge fagsystema.

## Kommunespesifikke tenester

Enkelte tenester fins berre i ei av medlemskommunane, og krev eigne serverar. Til dette tilbyr no SSIKT «kommunale» tenarar, etter behov, i driftssenteret. Dette er tenarar som køyrer på driftssenteret sin maskinvare, men som lokal IT i kommunane driftar i si heilheit.

## Hardware

I 2014 vart fylgjande hardware montert og driftsett i driftssenteret:

- 2 nye VmWare-hostar, ordinær servervirtualisering
- 1 ny VmWare-host, terminalservervirtualisering – donert av HK (+50%)
- 3 nye hostar til nytt VDI-miljø
- 2 stk Cisco Nexus 5672UP + fabric extenders til kjerneswitching i datasenter.
- Indre brannmur CheckPoint 12600 (erstatning for gamle ASA)
- Ytre brannmur CheckPoint 12400 med m.a. application control.
- 2 stk MPX 5550 Netscaler
- 2 stk EqualLogic PS6210 SAN (lagring) for kapasitetsauke
- 1 stk VmWare-host dedikert for overvaking
- 2 nye UPS

I tillegg vart dei siste Cisco 3750 kant-switchane montert og driftsett i dei kommunane dette ikkje var gjort tidlegare.

## Infrastruktur

I delar av 2014 har ein framleis kommunisert interkommunalt via delvis egne dedikerte fiber og Internett og VPN-tunellar. Dei enkelte kommunane sine ISP-ar har difor i stor grad vore informasjonsbærar (Tussa, Tafjord og Telenor).

På slutten av 2014 kom imidlertid alle kommunane opp på faste linjer til driftssenteret.

Det står no berre igjen ein fiber frå Larsnes rådhus til Larsnes telekiosk, så har vi faktisk etablert ein ring av eigde og leigde samband.

Arbeidet med fiber mellom Ulstein og Hareid kom i gang i løpet av hausten 2014 og Ulstein har no gjort sin del av jobben med fiber heilt fram til Rise. I løpet av sumaren 2015 skal Hareid ha lagt ned sin del også og då vil vi sitte med eit eige fibersamband mellom rådhusa. Dette betyr igjen at backup kan flyttast ut av Hareid rådhus og til ein anna lokasjon.

Ein god og stabil infrastruktur mellom kommunane vil verte ryggrada i samarbeidet i framtida, og ein betingelse for vidare utbygging av felles tenestetilbod til innbyggjarar og næringsliv, samt effektiv samhandling mellom kommunane.

## Økonomi

Budsjettrammene for investeringar og drift for SSIKT for 2014 var fylgjande:

Investeringar: **2.429.680,-**

Dette skulle nyttast slik

Investeringar	Budsjett	Rekneskap
Maskinvare/lisensar - driftsenter	1150000,00	1392125,00
Gerica eLink	994500,00	994500,00
Utskifting av EKKO til ERP	285180,00	285180,00
<b>Sum</b>	<b>2429680,00</b>	<b>2671805,00</b>

Som ein ser drog vi på oss eit overforbruk på 242125,- på investeringssida i 2014. Dette skuldast uforutsette utgifter under etableringa av nytt datarom (ekstra UPS-ar)

Drift **6.005.975,-**

Eg går ikkje i detalj på fordelingane her, men konstaterer at drifta gjekk med 78 454,- i mindreforbruk i 2014

Drifta heldt seg dermed godt innanfor rammene.

Overskot drift er saldert mot underskot investering og ein ender då med eit samla underskot på 163671,- som er fordelt etter omforeint nøkkel og sendt kommunane som refusjonskrav.

Sjølv om overskridingane er små så, legg vi i driftssenteret sterk vekt på å halde oss innanfor tildelte rammer sjølv sagt.

Til slutt vil eg seie at vi så langt har etablert og drive driftssenteret effektivt og sær s rimeleg for samarbeidskommunane. Vi har nettopp hatt besøk av leiinga i ROR IKT. Dei er samanlignbare med oss i størrelse og har til samanlikning hatt eit investeringsbudsjett på 10 millionar dei to siste åra. Driftssenteret står også framføre vesentlege investeringar i m.a. infrastruktur og etablering av backupsite pluss gradvis utbygging av driftssenteret. Ei viktig sak i 2015 vert å få etablert den organisatoriske strukturen i SSIKT og avklare arbeids- og tilsettingstilhøva for it-folka i regionen.

Hareid, 04. mai 2015

Per Erik Akerjordet | Leiar driftssenteret